



Møteprotokoll

Utval:	Næring- og miljøutvalet
Møtestad:	Synfaring Pålhaugen/Kommunestyresalen
Dato:	02.06.2026
Tid:	klokka 15.00 - 18.40

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Ivar Karl Liaset	FOHA	medlem
Thor Ove Rekdal Nedrelid	FOHA	medlem
Jeanette Teigene	FRP	leiar
Wenche J. H. Jøsok	H	medlem
Annika Brandal	V	nestleiar

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Kai-Runar Svarstad	AP	Steffen André Oddrunson Nygård	UAV
Ståle Liavåg	INP	Kai Endre Stridh	

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Johannes Bjarne Alme, einingsleiar næring
Ottar Røyset, kommunesjef sektor Velferd
Kristian Stråmyr, einingsleiar, servicetorg og politisk sekretariat
Henrik Johansen, einingsleiar, kommunal eigendom FDV
Pernille Ebbestad Holo, rådgjevar, næring
Rønnaug Beate Mork, planleggar, plan byggesak og geodata
Cecilie Breiteig Liavåg, strategisk planansvarleg
Lena Kolomainen Brandal, konsulent, servicetorg og politisk sekretariat/ møtesekretær

Andre som møtte:

Anne Kathrine Løberg, avdelingsleiar, landbruk.

Møte slutt: 18:40

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 08/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/838
PS 09/26	Godkjenning av protokoll	26/838
PS 10/26	Orienteringar og spørsmål	26/838
PS 11/26	Referatsaker	26/838
PS 12/26	Delegerte saker	26/838
PS 15/26	Eigengodkjenning Detaljregulering Syverplassen barnehage (planID 20240001)	24/438
PS 16/26	Omsorgsbustadar ROP - Val av tomt for plassering av bustadar	24/783
PS 13/26	Oppfølging av PS 39/25 - klage på avslag på retting av opplysningar i matrikkelen for eigedom med gbnr. 41 bnr 20, 446 og 641	24/1950
PS 14/26	Vedlikehald av Åsenvegen	26/520
PS 17/26	Nasjonaljubileet 2030 - Jubileumsstafett - Valldal 2029	25/1285
PS 18/26	Samanslåing av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting (RFU) – slutthandsaming etter høyring	26/234

Hareid, 05.06.2026

Jeanette Teigene

PS 08/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling samrøystes vedteke utan merknadar. Sakslista blei samrøystes vedteke med endringar.

Behandling:

Møtet starta med synfaring på Pålhaugen. Erik Herigstad, prosjektleiar, var omvisar.

Wenche J. H. Jøsokk (H) fekk permisjon frå kl 18:00, det var seks voterande frå og med PS 13/26.

Jeanette Teigene, møteleiar foreslo følgjande endring i sakslista: PS 15/26 vert behandla etter delegerte saker, deretter PS 16/26 og så PS 39/25. Ingen innvendingar.

Samrøystes

PS 09/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte, 05.05.2026, vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Samrøystes.

PS 10/26 Orienteringar og spørsmål

Vedtak:

Orienteringar vart tekne til vitende.

Behandling:

Anne Kathrine Løberg, avdelingsleiar landbruk, orienterte om årsmelding 2025 - vertskommunesamarbeid om felles landsbrukskontor. Ho svarte også på spørsmål.

PS 11/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
03/26	Søknadar og utbetaling av Produksjons- og avløysartilskot 2025
04/26	Årsmelding 2025 - vertskommunesamarbeid om felles landbrukskontor for Herøy, Ulstein og Hareid

Vedtak:

Referatsaker vart tekne til vitende.

Behandling:

Samrøystes.

PS 12/26 Delegerte saker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
42/26	Ferdigattest - Bruksendring - Hovlidvegen 7 - gnr 44 bnr 17
35/26	Ferdigattest - Bruksendring-byggtekniske endringer - Rådhusplassen 5 - gnr 41 bnr 545
37/26	Ferdigattest - Endring av gitt tillatelse og igangsettingsløyve - Kjøpmannsgata 28 - gnr 41 bnr 237
36/26	Ferdigattest - Søknad om løyve i ett trinn - Tilbygg - Liavegen 138 - gnr 74 bnr 3
38/26	Ferdigattest - Teknisk installasjon-Reperasjon - Soffibakken 26 - gnr 41 bnr 342
39/26	Ferdigattest - tilbygg veranda - Engane 9, 6063 Hjørungavåg - gnr 78 bnr 122
32/26	Gnr 60 bnr 4 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplan - Snipsøyrdalsvegen 428
34/26	Løyve om oppbevaring og handel med fyrverkeri 2026 - Løvens Hule
41/26	Løyve til tiltak - Bruksendring - Hovlidvegen 7 - gnr 44 bnr 17
33/26	Løyve til tiltak - Bruksendring - Hovlidvegen 8 - gnr 44 bnr 26
40/26	Løyve til tiltak - Utviding av terrasse - Røysetvegen 202 - gnr 51 bnr 29
43/26	Ferdigattest - Søknad om ferdigattest - Skolgemyrane 20 - gnr 41 bnr 1278

Vedtak:

Delegerte saker vart tekne til vitende.

Behandling:

Samrøystes.

PS 15/26 Eigengodkjenning Detaljregulering Syverplassen barnehage (planID 20240001)

Vedtak:

Kommunestyret vedtek i medhald av pbl §12-12 framlegg til Detaljregulering Syverplassen barnehage planID 20240001, med plankart sist revidert 20.04.2026 og med tilhøyrande føresegrer sist revidert 20.04.2026.

Kommunestyret opphevar i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, den del av PlanID 19850002 som PlanID 20240001 dekker.

Behandling:

Samrøystes vedteke.

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vedtek i medhald av pbl §12-12 framlegg til Detaljregulering Syverplassen barnehage planID 20240001, med plankart sist revidert 20.04.2026 og med tilhøyrande føresegrer sist revidert 20.04.2026.

Kommunestyret opphevar i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, den del av PlanID 19850002 som PlanID 20240001 dekker.

PS 16/26 Omsorgsbustadar ROP - Val av tomt for plassering av bustadar

Vedtak:

NMU anbefalar ei 2-1 deling på plassering av ROP-bustadar.

NMU foreslår fylgjande prioritering som plassering:

- tomt 2
- tomt 11
- tomt 5

Behandling:

Pause 16:24 - 16:36

Saka vart ettersendt 01.06.2026. Det vart røysta over å ta saka opp til behandling.

Røysting: samrøystes å ta saka opp til behandling.

Gildskap

Jeanette Teigene (FRP) tok opp spørsmål ved gildskapen sin knytt til saka. Ho byggjer hus i nabolaget til ein av dei foreslåtte lokasjonane.

Jeanette Teigene trådde ifrå. Annika Brandal tok over som møteleiar i saka.

Seks voterande.

Administrasjonen si vurdering er at Jeanette Teigene er gild, då det ikkje vert vurdert som eit særeigent forhold som er eigna til å svekke tilliten til at ho er upartisk og heller ingen særleg ulempe, tap, eller fordel for ho i saka, jamfør forvaltningslovens paragraf 6 andre ledd.

Røysting: samrøystes funnen gild.

Jeanette Teigene kom tilbake i møtet.

Sju voterande.

Møtelukking

Saka var fyrst vurdert av administrasjonen som unntatt offentlegheit. Det vart i ettertid vurdert at det ikkje låg føre tilstrekkeleg grunnlag for unntak, og saka vart difor gjort offentleg.

Utvalet stilte spørsmål om årsak til at den fyrst var lukka, deretter opna opp.

Administrasjonen orienterte om bakgrunnen.

Utvalsleiar foreslo å lukke møtet, med bakgrunn i orienteringa og diskusjonen i utvalet, og at det vil kunne kome fram opplysningar som kan vere unntatt frå innsyn etter offentlegheitslova om dei hadde stått i eit dokument.

Det vart røysta over å lukke møtet.

Røysting: samrøystes for å lukke møtet etter kommunelovens paragraf 11-5 3. ledd bokstav b:

Et folkevalgt organ kan vedta å lukke et møte hvis ett av følgende vilkår er oppfylt:

b. Hensynet til tungtveiende offentlige interesser tilsier at møtet lukkes, og det vil komme fram opplysninger i møtet som kunne ha vært unntatt fra innsyn etter offentleglova hvis de hadde stått i et dokument.

Behandling

Henrik Johansen, einingsleiar kommunal eigendom, presenterte saka. Henrik Johansen og Ottar Røyset svarte på spørsmål.

Annika Brandal (V) fremja eit forslag:

"NMU anbefalar ei 2-1 deling på plassering av ROP-bustadar- NMU foreslår tomt 2 og 11 som plassering."

Annika Brandal (V) trakk forslaget.

Fellesforslag foreslått av Annika Brandal (V):

"NMU anbefalar ei 2-1 deling på plassering av ROP-bustadar.

NMU foreslår fylgjande prioritering som plassering

- tomt 2
- tomt 11
- tomt 5"

Møtet vart opna før røystinga.

Røysting:

Røystinga blei gjennomført punktvis.

Det blei fyrst røysta over følgjande:

"NMU anbefalar ei 2-1 deling på plassering av ROP-bustadar.

NMU foreslår fylgjande prioritering som plassering:"

Samrøystes.

Så blei det røysta over kvar plassering.

- tomt 2 - samrøystes vedteken
- tomt 11- vedteken mot ei røyst (Wenche Johanne Jøsok (H))
- tomt 5 - vedteken med fire røyster for Jeanette Teigene (FRP), Annika Brandal (V), Steffen Nygård (UAVH), Ivar Karl Liaset (FOHA) og tre røyster mot Thor Ove R Nedrelid (FOHA), Kai Endre Stridh (H), Wenche Johanne Jøsok (H).

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

PS 13/26 Oppfølging av PS 39/25 - klage på avslag på retting av opplysningar i matrikkelen for eigedom med gbnr. 41 bnr 20, 446 og 641

Vedtak:

NMU ber om at tilbodet frå kommunen igjen blir lagt fram for partane. Med frist for aksept innan 30.06. Dersom tilbodet ikkje vert akseptert:

Nærings- og miljøutvalet tek til orientering at det ikkje er oppnådd semje om avtale om overføring av eigarskap til K.L.-vegen, og at administrasjonen ikkje prioriterer vidare arbeid med saka på noverande tidspunkt.

Nærings- og miljøutvalet avslår klaga. Klaga vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg handsaming.

Behandling:

Wenche J. H. Jøsokk (H) fekk permisjon frå kl 18:00.

Seks voterande.

Rådgjever næring Pernille Holo Ebbestad presenterte saka.

Jeanette Teigene (FRP) la fram tilleggsframlegg:

"NMU ber om at tilbodet frå kommunen igjen blir lagt fram for partane. Med frist for aksept innan 30.06. Dersom tilbodet ikkje vert akseptert:"

Røysting:

Innstillinga med tilleggsframlegget vart vedteke mot ei røyst (Kai Endre Stridh (H))

Kommunedirektøren si tilråding:

Nærings- og miljøutvalet tek til orientering at det ikkje er oppnådd semje om avtale om overføring av eigarskap til K.L.-vegen, og at administrasjonen ikkje prioriterer vidare arbeid med saka på noverande tidspunkt.

Nærings- og miljøutvalet avslår klaga. Klaga vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg handsaming.

PS 14/26 Vedlikehald av Åsenvegen

Vedtak:

Alternativ 3: Kommunen utfører ikkje ytterlegare vedlikehaldsarbeid, men vidarefører ei avgrensa ordning der eigarane kan få tilskot til grus, t.d. inntil 10 m³ per år., då dette er ein mykje brukt turveg.

Behandling:

Gildskap

Thor Ove R. Nedrelid (FOHA) stilte spørsmål om eigen gildskap knytt til saka, på grunn av vennskap til nærstående til den som er parten i saka. Han trådde i frå.

Seks voterande.

Administrasjon sin vurdering at Thor Ove R. Nedrelid (FOHA) er gild, då tilknytninga til partane i saka ikkje vert rekna som nær etter vurdering av fvl. § 6 2. ledd.

Røysting: Thor Ove R. Nedrelid vart samrøystes funnen gild.

Han kom tilbake i møtet.

Sju voterande.

Det vart røysta for kommunedirektøren si tilråding : vedteke mot ei røyst (Kai Endre Stridh (H)).

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek:

Alternativ 3: Kommunen utfører ikkje ytterlegare vedlikehaldsarbeid, men vidarefører ei avgrensa ordning der eigarane kan få tilskot til grus, t.d. inntil 10 m³ per år., då dette er ein mykje brukt turveg.

PS 17/26 Nasjonaljubileet 2030 - Jubileumsstafett - Valldal 2029

Vedtak:

Hareid kommune anerkjenner Jubileumsplattform 2030, og arbeidar vidare med deltaking i markeringa av Nasjonaljubileet gjennom samarbeid med Valldal 2029. Samt vidare arbeid med mål om å inngå samarbeidsavtale med Museene Arven, og søke midlar til gjennomføring av aktivitetar og arrangement.

Behandling:

Saka vart ettersendt 02.06.2026.

Det vart røysta over å ta saka opp til behandling: samrøystes vedteken.

Pause 18:20-18:25

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding: samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommune anerkjenner Jubileumsplattform 2030, og arbeidar vidare med deltaking i markeringa av Nasjonaljubileet gjennom samarbeid med Valldal 2029. Samt vidare arbeid med mål om å inngå samarbeidsavtale med Museene Arven, og søke midlar til gjennomføring av aktivitetar og arrangement.

PS 18/26 Samanslåing av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting (RFU) – slutthandsaming etter høyring

Vedtak:

Næring- og miljøutvalet innstiller på at kommunestyret vedtek å vidareføre to råd. Eit råd for eldre og eit råd for personar med nedsett funksjonsevne, men med felles møter (alternativ D).

Behandling:

Saka vart ettersendt 02.06.2026.

Det vart røysta over å ta saka opp til behandling: samrøystes vedteken.

Kristian Stråmyr, leiar servicetorget og politisk sekretariat, informerte om nye opplysningar i saka: eldrerådet ønskjer alternativ B - eit fellesråd som ei prøveordning og at det blir evaluert fram mot neste kommune val. RFU ønskjer alternativ D – seporate råd med felles møte.

Annika Brandal (V) fremja nytt forslag:

"Kommunestyret vedtek å vidareføre to råd. Eit råd for eldre og eit råd for personar med nedsett funksjonsevne, men med felles møter (alternativ D)"

Kai Endre Stridh (H) fremja nytt forslag:

1. "Kommunestyret vedtek å opprette eitt felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne som ei prøveordning (Alternativ B).
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forslag til reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat"

Røysting

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding - fall mot fire røyster: Jeanette Teigene (FRP), Kai Endre Stridh (H), Annika Brandal (V), Ivar Karl Liaset (FOHA).

Deretter vart det røysta alternativt over dei to forslaga: forslaget til Annika Brandal (V) og forslaget til Kai Endre Stridh (H).

Forslag frå Annika Brandal (V): Kommunestyret vedtek å vidareføre to råd. Eit råd for eldre og eit råd for personar med nedsett funksjonsevne, men med felles møter (alternativ D) - fekk tre røyster for Annika Brandal (V), Jeanette Teigene (FRP), og Ivar Karl Liaset (FOHA) og tre røyster mot Steffen Nygård (UAVH), Kai Endre Stridh (H), Thor Ove R Nedrelid (FOHA). Ved røystelikskep i saker som ikkje gjeld val, har møteleiaren dobbeltrøyst. jf. kommunelova §11-9. Forslaget vart vedteken med fire røyster for og tre røyster mot.

Forslag frå Kai Endre Stridh (H):

1. Kommunestyret vedtek å opprette eitt felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne som ei prøveordning (Alternativ B).
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forslag til reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat - fall med tre stemmer for Kai Endre Stridh (H), Steffen Nygård (UAVH) og Thor Ove R. Nedrelid (FOHA).

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å opprette eitt felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forslag til reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat.